



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
04.04.2018  
Dykkar dato  
08.03.2018

Vår referanse  
2018/3535 421.3  
Dykkar referanse  
17/2424

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

### **Uttale til dispensasjon til tilkomstveg til våningshus nytta som fritidsbustad, Radøy, gnr. 20 bnr. 1, Utsylta**

Vi viser til brev frå kommunen datert 08.03.2018. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealføremål LNF for etablering av tilkomstveg til våningshus nytta som fritidsbustad på gnr. 20 bnr. 20. Eigedomen har per i dag ikkje køyrbar tilkomst.

Det er lagt ved eit kart der vegen er teikna inn med raud strek frå gnr. 21 bnr. 4, over gnr. 20 bnr. 1 fram til grensa til gnr. 20 bnr. 20. Det er også teikna inn ein veg nordover i Syltaneset. Fylkesmannen legg til grunn at det er vegen fram til gnr. 20 bnr. 20 det er søkt om.

#### **Fylkesmannen si vurdering**

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Vegen vil gå igjennom eit område som både er registrert som kystlynghei og friluftsområde. Begge er registrert som svært viktig (verdi A). Fylkesmannen si vurdering er at det vil vere uheldig å legge tilkomstveg til fritidsbustad tvers igjennom dette området. Det er også ukjart om vegen skal førast heilt fram til fritidsbustaden, sidan situasjonskartet berre viser veg fram til grensa. Vi gjer merksam på at deler av gnr. 20 bnr. 20 er registrert som innmarksbeite og at Fylkesmannen er kritisk til omdisponering av dyrka eller dyrkbar mark.

#### **Fylkesmannen rår ifrå at det vert gjeve dispensasjon til veg over gnr. 20 bnr. 1.**

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden jf. tbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagehandsaming.

Med helsing

Egil Hauge  
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*